



Eigenfråsegn om konsesjonsfridom ved tileigning/kjøp av fast eigedom mv.

Fastsett i medhald av forskrift 8. desember 2003 gitt i medhald
av konsesjonslova av 28. november 2003 nr. 98 § 8

1. Meldinga skal leverast til kommunen der eigedomen ligg.
2. Kommunen kontrollerer at skjemaet er rett utfylt
3. Eitt skjema for kvar ny eigar.

1. Namnet på tileignar/kjøpar (ny eigar)

Ettmann, for- og mellomnamn

EQUINOR ASA

Fødselsnr. (11 siffer)

Organisasjonsnr. (9 siffer) - berre for firma:
923609016

Adresse
Postboks 8500

Postnr.
4035

Poststad
STAVANGER

E-postadresse

Telefonnummer

2. Eigedomen som tileigninga/kjøpet gjeld

Gnr.	Bnr.	Festenr.	Snr.	Andelsnr.	Eigardel	Kommune
127	127	AREAL -18300m ² +18300m ²				Alver kommune
127	122					Alver kommune

FRÅSEGN FRÅ NY EIGAR OM KONSESJONSRIDOM

Du skal berre krysse av i eitt av punkta 3 til 8.

Punkt 3 til 6 gjeld konsesjonsfridom på grunn av karakteren til eigedomen. Punkt 7 gjeld for eigedom du tar over på odel. Punkt 8 gjeld eigedom du tar over frå nær slekt. Dersom du tar over ein konsesjonsfri eigedom etter eit av punkta 3 til 6 frå nær slekt, tilrår vi at du bruker eit av desse punkta i staden for punkt 8.

Kommunen
stadfestar

Konsesjonsfridom på grunn av karakteren til eigedomen

3. Bebygd areal, jf § 4 første ledd nr. 4 (sett kryss på begge)

- Eigedomen er bebygd, er ikkje større enn 100 dekar totalt, og har ikkje meir enn 35 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord.
- Eg er klar over at det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at eg ikkje gjer bruksendring i strid med plan.

4. Ubebygd tomt til bustad, fritidshus eller naust, jf § 4 første ledd nr. 1

- Tomta er ikkje større enn 2 dekar og er godkjent frådelt etter plan- og bygningslova og jordlova, eller treng ikkje slik godkjenning etter jordlova.

5. Ubebygd tomt til bustad- eller fritidsformål i område lagt ut til bebyggelse og anlegg, jf § 4 første ledd nr. 2

- Tomta ligg i område som i arealdelen til kommuneplanen eller reguleringsplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg der tomteinndeling er gjort eller godkjent av bygningsmyndighetene.

6. Andre ubebygde arealer, jf § 4 første ledd nr. 3 (Ubebygde arealer som ikkje fell inn under pkt. 4 eller 5)

- Arealaet ligg i område som i reguleringsplan er regulert til anna enn LNFR, eller som i arealdelen av kommuneplanen er lagt ut til bebyggelse og anlegg.
- Eg er klar over at eit vilkår for konsesjonsfridommen er at eg ikkje gjer bruksendring i strid med plan.

Konsesjonsfridom på grunn av odel

7. Tileigning av odelseigedom, jf § 5 første ledd nr. 2 jf odelslova § 2

(sett kryss på A og B dersom det ikke er buplikt på eigedomen, og kryss på A, C og D om det er buplikt på eigedomen)

- A. Eg har tatt over landbrukseigedom på odel. Landbrukseigedom vil her seis ein eigedom som har meir enn 35 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord eller meir enn 500 dekar produktiv skog.
- Eg er i slekt med overdragar på denne måten:
Eg er overdragar sin: (fyll ut - eks. «dotter»)
- B. Eg har tatt over eigedom som ikke er landbrukseigedom med buplikt.
- C. Eg har tatt over landbrukseigedom med buplikt. Det vil seie at eigedomen i tillegg til arealkrava for odelseigedom
- har bygning som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, ELLER
 - har bygning som er tillatt oppført som heilårsbustad men som ikke er tatt i bruk som det, ELLER
 - har bygning under oppføring der løye til oppføring av heilårsbustad er gitt.
- D. Eg er klar over at eg må søke konsesjon dersom eg ikke sjølv skal busette meg på eigedomen innan eitt år og bu der i minimum 5 år.

Konsesjonsfridom på grunn av slektskap/ekteskap/sambuarskap/svogerskap/uskifte

8. Tileigning av eigedom frå nær slekt, jf § 5 første ledd nr. 1

(Sett kryss på punkta A, B og C dersom eigedomen ikke er landbrukseigedom med buplikt.
Sett kryss på A, B, D og E om eigedomen er landbrukseigedom med buplikt)

- A. Eg har tatt over eigedom frå ektefelle, sambuar eller er i slekt med eigaren eller eigarens ektefelle/sambuar slik som nemnt i § 5 første ledd nr. 1. Eventuelt som arv eller i uskifte (sjá nærmere i rettleilinga punkt 8).
- Eg er i slekt eller i svogerskap med overdragar på denne måten:
Eg er overdragar sin: (fyll ut – eks. «dotter»)
- B. Eg er klar over at det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at overdragar/seljar har konsesjonsforholdet sitt i orden.
- C. Eg har tatt over eigedom som ikke er landbrukseigedom med buplikt.
- D. Eg har tatt over landbrukseigedom med buplikt, jf § 5 annet ledd. Det er eigedom som:
- har meir enn 35 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord eller meir enn 500 dekar produktiv skog, OG
 - har bygning som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, ELLER
 - har bygning som er tillatt oppført som heilårsbustad, men som ikke er tatt i bruk som det, ELLER
 - har bygning under oppføring der løye til oppføring av heilårsbustad er gitt.
- E. Eg er klar over at eg må søke konsesjon dersom eg sjølv ikke skal busette meg på eigedomen innan eitt år og bu der i minimum 5 år.

9. Fyllast ut dersom eigedomen ligg i ein kommune som har forskrift om nedsett konsesjonsgrense

- Eg stadfestar at eigedomen ligg utanfor forskrifta sitt geografiske område.

SIGNATUR

10. Ny eigar sin signatur og kjennskap til straffeansvar (må signerast personleg av den nye eigaren)

- Eg er kjend med at det etter straffelova § 365 er straffbart å gi uriktig eigenfråsegn.

Dato <i>23.12.21</i>	Underskrifta til ny eigar <i>Mari Østensjø</i>
Dato	Underskrift frå verja (for umyndige må verja underskrive)

11. Kommunen stadfestar for alle tileigningar/kjøp: (må alltid fyllast ut)

- Overdragninga fører ikke til deling av driftseining, jf. jordlova § 12 sjette ledd.
- Relevante punkt over er stadfestat.

Namnet på kommunen	Dato	Stempel og underskrift
--------------------	------	------------------------

Rettleiing LDIR-360 N

[Konsesjonslova av 28. november 2003](#) fastset at alle tileigningar/kjøp av fast eigedom og stifting av bruksrett for lengre tid enn 10 år, kjem inn under konsesjonsplikt med mindre det er gjort unntak i lova eller forskrifter som er fastsette i medhald av lova. Som tileigning/kjøp reknar ein også tileigning/kjøp av delar eller partar i ein eigedom.

Ei tileigning, eller eit kjøp, er eit uttrykk som blir brukt om alle måtar ein kan få ein eigedom på; kjøp, arv, gáve osv. Konsesjon er eit løkke frå staten. Den som blir ny eigar av eigedomen, er tileignar/kjøpar. Overdragar er førra eigar.

Hovudregelen er at du kan tilegne deg/kjøpe bebygd eigedom som ikkje er større enn 100 dekar og heller ikkje har meir enn 35 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord, utan å søke konsesjon. Det same gjeld tomter til bustad- og fritidsformål, og ubebygd areal som er lagt ut til anna enn landbruksformål. Tileigning/kjøp frå nær familie er også frittatt frå konsesjonsplikten.

Dette skjemaet skal dokumentere at di tileigning eller ditt kjøp er konsesjonsfritt etter ei av unntaksføresegnene i lova, jf. § 4 første ledd nr. 1–4 og § 5 nr. 1 og 2.

Eigenfråsegna her skal kontrollerast og stadfestast av kommunen der eigedomen ligg. Deretter gjer kommunen ei digital overføring av opplysningane til Kartverket. Du får tilbakemelding frå kommunen om når du kan sende heimelsdokumentet (skøyte, festekontrakt eller liknande) til Kartverket til tinglysing. Kartverket kan alltid kreve dei opplysningane og dokumentasjon som trengst for å slå fast at det ligg føre konsesjonsfritak.

I [kommunar som har sett konsesjonsfridommen ut av kraft](#) må du undersøke om du skal bruke eigenfråsegnsskjema LDIR-356 (rødt).

Ønsker du hjelp til utfylling, kan du spørje kommunen.

Det er kommunen som fører kontroll med at konsesjonslova blir følgt.

Når eigenfråsegn ikkje er nødvendig:

Etter [konsesjonsforskrifta av 8.12.2003](#) er det for nokre konsesjonsfrie tileigningar/kjøp ikkje nødvendig å bruke eigenfråsegn.

Dei mest praktiske tilfella er:

- Tileigning/kjøp av bebygd eigedom der tomta ikkje er større enn 2 dekar.
- Tileigning/kjøp av sameigepart i bebygd eigedom som i stadfesta reguleringsplan er lagt ut til anna enn landbruksområde når tileignaren/kjøparen er sameigar i eigedomen frå før.
- Tileigning/kjøp av egedomsleilegheit, aksjeleilegheit, obligasjonsleilegheit, part i bustadbyggelag og burettslag og når burettslag tileignar seg eller kjøper fast eigedom frå bustadbyggelag.

For desse tre nemnde alternativa må du likevel bruke eigenfråsegnsskjema LDIR-356 i [kommunar som har sett konsesjonsfridommen ut av kraft](#).

- Tileigning/kjøp av areal for rasjonaliseringsformål som stemmer overeins med jordlova ved overdragning frå staten ved statsforvaltaren.

- Tileigning/kjøp av mindre areal som grensar til og skal leggjast til ei allereie eksisterande bebygd eller ubebygd tomt, når samtykke til frådeling av arealet er gitt til dette formålet etter plan- og bygningslova og etter jordlova i område der jordlova gjeld.

Til punkt 1

Er det fleire som tileignar seg eller kjøper eigedomen saman (sameigarar), må kvar enkelt fylle ut sitt eige skjema.

Til punkt 2

Her skal nemninga til eigedomen (gnr., bnr., festenr. eller liknande) og i kva kommune eigedomen ligg, førast opp. Om du berre overtak ein sameigedel, skal du skrive inn kor stor del av eigedomen du tar over.

Til punkt 3

Du kan bruke dette alternativet om du har tatt over ein bebygd eigedom som ikkje er større enn 100 dekar og heller ikkje har meir enn 35 dekar fulldyrka og/eller overflate-dyrka jord. Høyrer det sameigepart til eigedomen, skal den forholdsmessige parten av arealet til sameigeparten leggjast til totalarealet.

Konsesjonsfridommen må du dokumentere ved å fylle ut punkta 1, 2, 3 og 10. I tillegg må kommunen stadfeste i punkt 11 at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt, og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining.

Eit vilkår for konsesjonsfridommen er at du ikkje gjer bruksendring i strid med plan.

Til punkt 4 og 5

Du kan bruke desse alternativa om du har tatt over tomter til bustad- og fritidsformål som kan byggjast ut med eit hus med maksimalt to bueiningar. Punkt 4 gjeld tomter som ikkje ligg i område som i arealdelen til kommuneplanen eller reguleringsplan er lagt ut til bebyggelse eller anlegg. Dette vil for det meste gjelde tomter som ligg i område som i arealdelen til kommuneplanen er utlagt til landbruks-, natur- og friluftsområde eller reindrift (LNFR). Eit vilkår for konsesjonsfridommen er at tomta ikkje er større enn 2 dekar og er godkjent frådelt etter plan- og bygningslova og etter jordlova der det er nødvendig.

Punkt 5 gjeld tomter som i arealdelen til kommuneplanen eller reguleringsplan er utlagt til byggjeområde, og der tomteinndelinga er godkjent.

Det er nok for å dokumentere konsesjonsfridom etter desse alternativa at punkta 1, 2, 4 eller 5, og 10, er fylte ut. I tillegg må kommunen stadfeste i punkt 11 at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt, og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining.

Til punkt 6

Du kan bruke dette alternativet om du har tatt over ubebygd areal som er regulert til anna enn landbruks-, natur- og friluftsområde eller reindrift (LNFR), inklusive tomter til bustad- og fritidsformål som kan byggjast ut med meir enn to bueiningar.

Unntaket gjeld vidare alt areal som i kommuneplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg. Eit vilkår for konsesjonsfridommen er at du ikkje gjer bruksendring i strid med plan.

Konsesjonsfridommen dokumenterer du ved å fylle ut punktene 1, 2, 6 og 10. I tillegg må kommunen stadfeste i punkt 11 at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt, og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining.

Til punkt 7

Du skal nytte dette alternativet dersom du overtar eigedomen med odelsrett.

A. Odelseigedom

Ein odelseigedom er ein eigedom med meir enn 35 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord eller meir enn 500 dekar produktiv skog. Kommunen kan hjelpe til med berekning av arealgrunnlaget. Du kan også sjekke arealgrunnlag på internett: <https://gardskart.nibio.no/>

B. Odelseigedom utan buplikt

Du tar over ein odelseigedom som ikkje har bygning, eller bygning under oppføring, som nemnt i punkt C.

C. Odelseigedom med buplikt

Det er buplikt på eigedomen dersom den har bygning som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, eller bygning som er tillaten oppført som heilårsbustad, men ikkje har vore brukt som det, eller bygning under oppføring der det er gitt løyve til oppføring av heilårsbustad.

D. Krav om busetting

Det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at du flytter inn på eigedomen innan eitt år etter at du overtak, og bur der i minst fem år.

Tar du over ein odelseigedom med buplikt skal du sette kryss i punkta A, C og D. Gjeld det ein odelseigedom utan buplikt skal du sette kryss i punkt A og B. I tillegg må du fylle ut punkta 1, 2 og 10. Kommunen må stadfeste at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining i pkt. 11.

Til punkt 8

Du skal nytte dette punktet hvis du tar over ein eigedom frå nærliekt, utan odel. Dette er ein konsesjonsfridomsgrunn same kva slags eigedom du har tatt over. Dersom du har tatt over ein eigedom som er konsesjonsfri frå nærliekt etter eit av punkta 3-6, tilrår vi at du bruker denne konsesjonsfridommen i staden for konsesjonsfridom etter punkt 8. Punkt 8 har nemleg vilkår om at overdragar må ha sitt konsesjonsforhold i orden, noko punkta 3-6 ikkje har.

A. Nær slekt

Det reknaust som nærliekt dersom du er ektefelle av eigaren eller er i slektskap med eigaren eller ektefelle av eigaren i rett opp- eller nedstigande linje eller i eigaren sin eller ektefellen til eigaren sin første sidelinje til og med barn av sysken (nev/niese) eller er i svigerskap med eigar i rett oppstigande linje. Slektkapsuntaket gjeld også ved skifte av felleselie etter separasjon/skilsmisse og ved arv. Sjå lenkene for nærlare illustrasjon.

[Kven kan eg tilegne meg eller kjøpe konsesjonsfritt frå?](#)

[Kven kan eg overdra konsesjonsfritt til?](#)

Førsegnene gjeld tilsvarande for sambuarar i ekteskapslignande forhold jf. [arvelova § 28 a.](#) og deira nærliekt.

Du må stadfeste at du har tatt over eigedomen frå nærliekt og på kva slags måte de er i slekt.

B. Eigar har sitt konsesjonsforhold i orden

Dersom overdragar ikkje har sitt konsesjonsforhold i orden, ved at han til dømes ikkje har oppfylt buplikta på eigedomen, må du søke konsesjon på skjema LDIR-359. Dersom eigaren dør før han har fullført plikttida, reknast han for å ha sitt konsesjonsforhold i orden.

C. Andre eigedomar enn landbrukseigedom med buplikt

Dersom det er ein annan eigedom enn landbrukseigedom med buplikt du har overtatt, sjå punkt D, må du krysse av i punktene A-C.

D. Landbrukseigedom med buplikt

Dette er eigedom med meir enn 35 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord eller meir enn 500 dekar produktiv skog. Kommunen kan hjelpe til med berekning av arealgrunnlaget. Det er buplikt på eigedommen dersom den har bygning som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, eller bygning som er tillaten oppført som heilårsbustad, men ikkje har vore brukt som det, eller bygning under oppføring der det er gitt løyve til oppføring av heilårsbustad.

E. Krav om busetting

Det er et vilkår for konsesjonsfridommen at du flyttar inn på eigedomen innan eitt år etter at du overtak, og bur der i minst fem år.

Konsesjonsfridommen dokumenterer du ved å fylle ut punkta A, B, D og E dersom det er ein landbrukseigedom med buplikt. I tillegg må du fylle ut punkta 1, 2 og 10. Kommunen må stadfeste at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining i pkt. 11.

Til punkt 9

Nokre kommunar har forskrift om nedsett konsesjonsgrense, og kan bestemme at forskriftena berre skal gjelde for delar av kommunen. Når eigedomen ligg i ein kommune med slik forskrift, skal du bruke dette skjemaet når eigedomen ligg utanfor forskriftena sitt geografiske område. Når eigedomen ligg innanfor forskriftenas geografiske område skal du bruke skjema LDIR-356.

Er eigedomen bebodd, og større enn 100 dekar eller har meir enn 35 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord, skal du også bruke dette skjemaet. Dette gjeld dersom ikkje eigedomen er konsesjonspliktig. Då skal skjema LDIR-359 nyttast.

Til punkt 10

Du må som ny eigar sjølv underskrive fråsegna, og du kan ikkje nytte fullmekting. For umyndige personar – personar under 18 år eller umyndigjorte – må verja underskrive. Om du gir uriktig fråsegn, kan du bli pålagd innan ein frist anten å omgjere tileigninga eller selje eigedomen til nokon som kan få konsesjon eller ikkje treng konsesjon. Om du ikkje held fristen, kan eigedomen seljast utan varsel etter reglane om tvangssal. [Se konsesjonslova § 18.](#)

Til punkt 11

Dette punktet skal kommunen fylle ut.

Kommunen skal alltid undersøke om tileigninga/kjøpet fører til ulovleg deling av driftseining, jf jordlova § 12 sjette ledd.

Tileigninga/kjøpet kan ikkje tinglysast om det manglar stadfesting frå kommunen. Kommunen må vidare stadfeste at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt. Er det til dømes kryssa av i punkt 8 (nær slekt) må kommunen stadfeste at det ikkje er buplikt på eigedomen og at overdragar har sitt konsesjonsforhold i orden.